

## Bakgrunn og beskrivelse av kyrkjeklubben- eit tilbod til personar med utviklingshemming i Lindås, Radøy og Meland

Kyrkjeklubben vart til etter samtaler mellom pårørande til utviklingshemma, frivillige med ulik bakgrunn og folk frå kyrkja. Me hadde fleire planleggingsmøte i forkant og me har hatt kontakt med bispekontoret sine rådgjevarar for dette feltet og fått veiledning og materiell til bruk i klubben.

Bakgrunnen for desse samtalanane var ein etterspørsel etter eit kyrkjeleg tilbod til denne gruppa. Det har tidlegare vore ein slik klubb i Knarvik, men denne vart lagt ned for noen år tilbake. Etter loven har utviklingshemma rett på åndeleg omsorg og tilrettelagt trusutøving. Me trur at tilbudet vårt kan være med å ivareta dette.

Klubben har utgangspunkt i Alversund Sokneråd, som har stilt velvillig opp på fleire måter, med faglig og praktisk hjelp i oppstarten, lovnad om lokale i Knarvik kyrkje og ein prest til Gudstenestedelen av samlinga. Ostereidet sokneråd har lova økonomisk støtte, slik at dei tek halvparten av utgiftene til klubben. I tillegg har me fått knytt til oss ein stadig veksande stab av frivillige til ulike typer oppgåver.

Framover ser me for oss at me vil ha ca ti samlingar pr år. Me vil holde på malen me har lagt med tredeling av samlinga og me kjem til å satse på ein konsert eller noko tilsvarande kvart semester. Frå 2017 vil me starte med medlemskontingent, noko som gjev fleire fordeler: Medlemmane vil oppleve større eigarskap til klubben, det vil gi oss betre økonomi og det gir oss adgang til å søke støtte frå fleire organisasjonar.

Inger Øyna Jordal

Kontaktperson

**Organisasjonsnummer Alversund sokn: 976995481**  
**Driftskonto Alversund Sokneråd 3632.50.10635**